



# DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

## Referat til fellesråds- og soknerådsmøte

### 20. november 2018 kl. 18:15 på kyrkjekontoret

Til stades: Lars Svendsen, Ragnhild Husa, Per Børge Hillestad, Erling Walderhaug, Olav Husa, Turid Moldøen og Ottar Tangen.

Meldt forfall: Tone Sævi, Jostein Husa, Anna Marit Stormark og Iris Waage.

#### Fellesrådssaker:

F 11/18	Godkjenning av innkalling og referat – ok
Vedlegg	Referat
F 12/18	Skriv og meldingar
	Info om ungdomsarbeidarstillinga . Johanne Gullaksen Tunglund har gitt eit munnleg ja på at ho tek stillinga.
F 13/18	Reperasjon av lysekronene- Kyrkjevevja tek kontakt med reparatør som kjem og hentar lysekronene, skiftar leidningar, soklar og lyspærer og reingjer lampene og kjem og sett dei på plass igjen. Vi håper dette skjer snarast.
F 14/18	Den nye vegen til kyrkja
Vedtak:	Vi går vidare med prosessen uansett om det blir i 2019 eller 2020.
F 15/18	Gravplassens inngangsparti og ekstra trinn ned til den gamle delen
	5 meter med asfalt ved inngangspartiet. Kyrkjevevja har tatt kontakt med teknisk om å få til eit ekstra trinn og eit enkelt gelender slik at det blir lettare å komme ned til den delen av gravplassen.
F 16/18	Eventuelt
	Første sokneråd etter nyttår blir flytta til den 15. januar i staden for den 22. januar som var først satt.
	Kyrkjevevja tek kontakt med Canal digital/Telenor ang. fiber til kyrkja.



## Soknerådssaker:

- S 60/18      Skriv og meldingar
- 2. desember blir det konsert med Lisbeth Stuberg og Anders Bergsland kl. 18:00. Dei leiger kyrkja og treng 2 brannvakter denne kvelden. Turid Moldøen stiller, vi treng ein til.
  - Valnemnda blir innkalla til første møte i desember. Kyrkjeverja kallar inn Oddvar Husa, Erling Herøy, Anita Duesund og Lars Svendsen (leiar for valstyret) til møte 3. desember kl. 18:00.
  - Info om utlysningstekst. Soknerådet har gitt sine kommentarar til prosten om utlysningsteksten.
- S61/18      Offer 2019. Vedtak: Soknerådet godkjenner det forslaget som ble lagt fram av Ragnhild Husa og Lars Svendsen.
- S62/18      Evaluering av allehelgenskvelds. Veldig få var med på kvelds.
- S63/18      Planlegge julefesten i detalj – Sjå eige ark
- S64/18      Ungdomskveld 7. desember kl. 19:00– Per Børge Hillestad og Jostein Husa står for film og mat denne kvelden, kjekt om fleire i soknerådet vil vere med på kjøkkenet.
- S65/18      Eventuelt

27. januar blir G2 gudstenesta kl. 11:00 og avslutningsfest for Per Børge i Bedehuset kl. 12:30. Soknerådet lager fest med mat og kake og rom for ordet fritt. Barnekor/Koral? Dramagruppa? Alle detaljer er på plass til soknerådsmøte 15. januar.

Per Børge si rolle som prosjektleiar for G2 avsluttas ved årsskiftet og styret for G2 tek over den rolla. Per Børge fortsetter som andaktshaldar våren 2019 og vil få dekkja reiseutgifter for dette.

Kvardag og Helg mister ein i redaksjonen når Per Børge slutter. Trykkeriet vil overta jobben med å sette saman bladet, men det er ønskeleg å få ein ny med i redaksjonen. Det er og ytra ønskje om å redusere utgivingar til 3 eller 2 i året. Og sette ein fast pris på kor mykje bladet kostar, så folk blir bevisst og støtter med å betale når det kjem faktura i bladet. Redaksjonen sjølv må ta avgjerda på kva dei vil vidare.